

DET  
VESTNORSKE  
TEATERET



# Årsmelding med årsrekneskap

## Det Vestnorske Teateret 2019



# Teatersjefen si årsmelding

Det er ei takksam øving å skrive årsmelding for eit prosjekt som er i utbygging og utvikling slik Det Vestnorske Teateret er. Det er nyttig sett i perspektiv av våre ambisjonar og mogelegheiter, så vel som eit kjærkommen høve for refleksjon i ei fase der teateret står i sterk vekst.

## God publikumsutvikling

I 2019 merka vi at vi tok fatt på eit teaterår med fleire forventningar og auge festa på oss. Vi eskalerte dynamikken i repertoaret vårt, innleia fleire fruktbare samarbeid og reiste ut i regionen. Saman med eit aktivt kulturprogram som supplerte teaterrepertoaret nådde vi 43 867 menneske. Det var godt å treffe nytt publikum, men like viktig var det å registrere at mange av dei som vitja oss i fjor kom attende og dermed knytte ytterlegare band til den nye, nynorske scena midt i Bergen by. Oppfølgjaren av signaturprosjektet vårt «Heim» nådde eit rekordstort publikum og knytta nye forfattarkrefter til skrivekollektivet. Tre av desse forfatarane skriv no heilafans verk for teateret og utgjer såleis gode døme for korleis det vestnorske krønikeprosjektet trekk dramatikarar tettare til huset og stimulerer til fleire nye historier frå vår region og på vårt språk. «Heim» er også eit prosjekt som med sin tydelege dialog med publikum sin historie og identitet, verkeleg løftar teateret til ein fellesskapsarena som famnar breidt og inviterande. I ein fase der vi skal bygge og legitimere satsing på ei nynorsk scene i Bergen, opplever eg denne aktive samtala med heile regionen som særleg avgjerande. Vi skal vere eit raust grendahus i Bergen og vi skal utvikle forteljingar med relevans for - og langt utover - vår region.

## Heime og ute

Vi er glade for å ha fått eit hus, men året tok oss i aller høgste grad også ut på reis. Vi fekk Linda Eide og «Oppdrag Mottro» ut på vegen til stor glede for mange i distrikta. Tidlegare Sogn og Fjordane Teater bidrog til framsyningar i sitt område liksom dei og turnerte vår samarbeidsproduksjon «Engelen frå Kobane» dette året. Det er gledeleg at fleire ungdommar fekk sett denne framsyninga som også vart Hedda-nominert for beste framsyning for born og unge. Fleire fekk også høve til å møte Ragnhild Gudbrandsen i «Babettes gjestebod». Stig Amdam reiste rundt til naust og kystnære lokale med Jon Fosse sin slående vakre forteljing «Morgon og kveld». Med dette prosjektet knytte vi nye kontaktar med lokale lag på stadane vi vitja. Dei vakre kystbygningane utgjorde ei stemningsskapande ramme for framsyninga som vi og vitja den internasjonale Fosse-festivalen i Oslo med. Barnehagar i Hordaland og Sogn og Fjordane fekk oppleve «Gubben og katten» som vi også spelte i eige hus. Det var ei ny og utfordrande øving for apparatet vårt å famne ambisjonen om å vere heime og ute samstundes. Vi lukkast med å gje produksjonar lenger levetid og utvida vår kontaktflate med samfunnet ved å treffe dei heime på Logen, i naust, bedehus, kulturhus, kyrkjer, barnehagar og klasserom. Det var ein stor siger at vi greidde å handtere så mange turnear samstundes med eit samanhengande stasjonært repertoar dette året.

## Utfordringer

Anneleis utfordrande vart det for oss då vi grunna sjukdom fekk eit opphald i speleflata med utsetting av premiera på Bergsveinn Birgisson's «Svar på brev frå Helga». At huset låg stille under festspela var på ingen måtar optimalt. Godt var det då at det lukkast oss å ha premiere og komme ut på turné med Riksteatret. Trass motgang var framsyninga ein kunstnarleg bragd for teateret og vi ser fram til

å kunne spele den – og på heimebane – i 2020. Forteljinga om sauebonden Bjarne i Helge Jordal si framstilling rørte mange og er eit godt døme på korleis det lokalt spesifikke kan treffe universelt. Det gode publikumsresultatet i 2019 står der i kraft av ein organisasjon som har vore villige til å tenke nytt og få mest mogeleg ut av ressursane. Vi har nytta kvar time, krok og trapperom tilgjengeleg for å produsere og halde salen og barscena open med tilbod til publikum. Vårt mål for dynamikk, kontinuitet og variasjon i tilbodsflata vart ytterlegare vunne i kraft av at vi gjennom samarbeid og alternative speleplassar greidde å ekspandere verksemda vår. Samstundes ser vi at vi er sårbare for uforutsette utfordringar. Vi har framleis mykje å vinne på å leite etter korleis vi kan nytte ressursane våre endå meir dynamisk i takt med mogelegheiter som syner seg. Med eit apparat som eigentleg er skalert og rigga til sekvensielle turnear frå teateret si tidlegare tid, er den parallelle drifta nok framleis eit nummer eller to for stort for oss. Denne kjennsgjeringa, saman med at lokalitetane pt eigentleg ikkje er tilpassa teaterproduksjon, gjer at teateret si vekst er mykje prisgitt dei tilsette og engasjerte sine velvillige krefter i ei vekstfase. Vidare bygging av stab og sikring av byggeprosjektet er heilt naudsynt for å kunne halde fram med den gode utviklinga. Utanforskap som fellesnemnar

Det er avgjerande for teateret sin profil i denne oppbyggingsfasen at vi også tek risikoar med smalare produksjonar. Salen vår har ein kapasitet på rundt 300, og utan alternative bescener lyt vi vere særst merksame på å gjere rom for slik risiko. Haustens program med «Lollywood», «Raskolnikov» og «Min venn fascisten» utgjorde ei rekke framsyningar som alle utfordra sjanger og formspråk. Men ikkje minst utfordra dei vår felles refleksjon rundt utanforskap. Medan vårens repertoar i høg grad spegla og problematiserte omgrepet tilhøyrighet, sat hausten eit tydelegare fokus på individ som ikkje finn ein stad eller eit fellesskap å høyre til i. Korleis handterer vi som samfunn utanforskap og dei som er annleistenkjande? Og kva er det som gjer at ekstreme haldningar får gro? Frå «Heim» i det vestnorske landskapet til «Raskolnikov» i St Petersburgs smau, frå sauebonden Bjarne sin angst for å miste si livsgjering utan samband til røtene sine, til fascisten Fridolf sitt ynskje om å høyre til i et fellesskap, kling ein felles song om samspelet mellom individet og samfunnet.

Både «Raskolnikov», «Lollywood» og «Min ven fascisten» var samproduksjonar som DVT kjenner sterkt eigarskap til. Førstnemnde tok heile teateret ut i ei arbeidsform som både var krevjande og inspirerende. Kjersti Horn sin regi og Preben Hodneland si tittelrolletolking rørte mange denne hausten. Saman med «Lollywood» og «Min ven fascisten» si harselering med norske fordommar freista vi å utfordre vår felles sjølvforståing som tolerant samfunn .

Eg håpar inderleg at vi med 2019 repertoaret sette i gong tankar, kjensler, oppdagingar og dialogar som gjer den personlege og den offentlege samtala meir rik. Vi ynskjer å vere ein arena der vi kan møte det oppløftande og forløysande, det komplekse og det vanskelege saman.

## **Møteplass, språk og identitet**

Dialog har vore eit kjerneomgrep i aktiviteten vår dette året også. Vi har satsa på formidling, både heime og ute. Vi har med støtte frå Bergen Kommune satt i gong arbeidet med ein aktiv møteplass der språk og identitet står i sentrum. Kulturprogrammet vi byr på stadfestar og utviklar teateret si posisjon som Nynorskens hus i Bergen. Den gjev oss ei utvida kontaktflate med publikum og opnar huset på ein meir uformell måte. Saman med teaterrepertoaret utgjør denne flata eit levande hus der alle er velkomne. Vi stifta også oversjøiske samarbeid med teater i Villnui og Århus og la dessutan vinn på å bygge relasjonar til lokale og nasjonale aktørar innanfor skrivekunst, scenekunst, forteljarkunst og språk.

## Ressursar og framtida

Der Det Vestnorske Teateret er no er det avgjerande at vi får både økonomiske og fysiske rammer til å falde ut potensialet i dei investeringane som er gjort i etableringa av teaterhuset vårt i Bergen sentrum. Slik sett står vi og stangar i taket medan vi merkar trivsel og vekst i og rundt teateret. Vi kjenner slektskap med eit publikum som søker oss og trong til å vende oss tydelegare til nye grupper. Vi ser at vi har ei sentral rolle å spele som nynorskscena i Norges neststørste by i landet sin største nynorskregion. Vi merkar kor fruktbart jordsmonnet er i den vestnorske frukthagen. Det Vestnorske Teateret sine første år i Bergen har synt oss stort potensiale. Vi ser med glede fram mot 2020.



*Teatersjef Solrun Toft Iversen. Foto: Privat*

**Resultatregneskap**

	Note	2019	2018
<b>Driftsresultat</b>			
Salsinntekt	16	32 502 794	30 021 107
Anna driftsinntekt		1 051 400	316 209
Sum driftsinntekter		<u>33 554 194</u>	<u>30 337 316</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		818 205	200 513
Prosjekt- og produksjonskostnader	4	9 865 506	5 738 467
Lønnskostnad	3	15 661 888	14 865 322
Avskrivning	5, 6	950 944	1 402 260
Annan driftskostnad	3, 16	6 722 442	5 251 379
Sum driftskostnader		<u>34 018 985</u>	<u>27 457 941</u>
Driftsresultat		<u>-464 791</u>	<u>2 879 375</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna finansinntekt		105 924	55 130
Annan finanskostnad		1 065	1 033
Netto finans		<u>104 859</u>	<u>54 097</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>-359 932</u>	<u>2 933 472</u>
<b>Årsresultat</b>		<u><b>-359 932</b></u>	<u><b>2 933 472</b></u>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overføring til/frå annan eigenkapital	14	<u>-359 932</u>	<u>2 933 472</u>

---

## Noter til rekneskapen for 2019

### Anleggsmidler

#### *Varige driftsmiddel*

Tomter, bygninger og annen fast eiendom	6	12 674 296	11 276 159
Driftslausøyre, inventar, kontormaskinar og liknande	6	1 560 139	1 549 289
Sum varige driftsmiddel		<u>14 234 435</u>	<u>12 825 448</u>

#### *Finansielle anleggsmidler*

Investeringar i aksjar og partar	7	25 000	25 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>25 000</u>	<u>25 000</u>

Sum anleggsmiddel		<u>14 259 435</u>	<u>12 850 448</u>
-------------------	--	-------------------	-------------------

### Omløpsmidlar

Varer		<u>105 463</u>	<u>70 964</u>
-------	--	----------------	---------------

#### *Krav*

Kundekrav	16	538 755	740 520
Andre krav	11	1 371 834	1 047 960
Sum krav		<u>1 910 589</u>	<u>1 788 480</u>

#### *Investeringar*

Marknadsbaserte aksjar	7	23 265	23 265
Sum investeringar		<u>23 265</u>	<u>23 265</u>

Bankinnskot, kontantar og liknande	2	12 453 191	8 453 879
------------------------------------	---	------------	-----------

Sum omløpsmidlar		<u>14 492 508</u>	<u>10 336 588</u>
------------------	--	-------------------	-------------------

Sum egedelar		<u>28 751 943</u>	<u>23 187 036</u>
--------------	--	-------------------	-------------------

## Noter til rekneskapen for 2019

### Eigenkapital

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital	14, 15	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>

#### Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	14	6 586 213	6 946 145
Sum opptent eigenkapital		<u>6 586 213</u>	<u>6 946 145</u>

Sum eigenkapital		<u>6 686 213</u>	<u>7 046 145</u>
------------------	--	------------------	------------------

### Gjeld

#### Avsetjingar for plikter

Pensjonsplikter	3	281 460	198 300
Andre avsetjingar for plikter	13	13 346 014	9 419 999
Sum avsetjingar til plikter		<u>13 627 474</u>	<u>9 618 299</u>

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		2 968 727	844 290
Skyldige offentlege avgifter	2	1 186 145	783 387
Anna kortsiktig gjeld	12	4 283 384	4 894 915
Sum kortsiktig gjeld		<u>8 438 256</u>	<u>6 522 592</u>

Sum gjeld		<u>22 065 730</u>	<u>16 140 891</u>
-----------	--	-------------------	-------------------

Sum eigenkapital og gjeld		<u>28 751 943</u>	<u>23 187 036</u>
---------------------------	--	-------------------	-------------------

31. desember 2019


Bergen, 18.02.2020


  
Pål Wergeland Lorentzen  
Styreleiar

  
Ragnhild Sivertsen  
Stolt-Nielsen  
Nestleiar

  
Solfrid Glesnes  
Styremedlem

  
Vivian Midtsveen  
Styremedlem

  
Alexander Fosse Andersen  
Styremedlem

  
Geir Kjell Andersland  
Styremedlem

  
Solrun Toft Iversen  
Teatersjef / dagleg leiar

## **Note 1 - Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapskikk for små føretak.

### *Salsinntekter*

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

### *Klassifisering og vurdering av balansepostar*

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyter seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### *Fordringar*

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

### *Kortsiktige plasseringar*

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

### *Varige driftsmiddel*

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnadar, medan påkostnadar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskriving til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.



### *Immaterielle eigneluter*

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

### *Pensjonar*

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast løpande i køve til god rekneskapskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

### *Skattar*

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatrekneskapan omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

### *Bruk av estimat*

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapan og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapan i samsvar med god rekneskapskikk.

### **Note 2 - Bankinnskudd**

	<b>2019</b>
Bundne skattetrekksmidler utgjer	611 780

### **Note 3 - Lønnskostnader, antall tilsette, lån til tilsette og godtgjering til revisor**

<i>Lønnskostnader</i>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Lønninger	12 748 741	11 968 361
Arbeidsgiveravgift	1 968 470	1 749 003
Pensjonskostnader	1 221 613	1 026 077
Andre ytelser	224 063	121 880
Periodiserte lønnskostnadar	-501 000	0
Sum	<u>15 661 887</u>	<u>14 865 321</u>
Gjennomsnittlig antall årsverk	21	20

## Ytingar til leiande personar

	Lønn	Pensjonsutgifter	Andre godtgjersler
Teatersjef / dagleg leiar	950 343	12 811	5 480

Det er utbetalt kr 108 000 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2019.

Det er gjort avsetjing for påløpen venteløn for noverande teatersjef. Pr 31.12.2019 hadde teatersjef opptent 3,7 månads venteløn, det er gjort avsetning for kr 342 300 i rekneskapen per 31.12.2019 (inkludert arbeidsgjevaravgift). Venteløn vert utbetalt i etterlønperioden på fastsette vilkår.

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 39 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løpande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 162 880 i pensjonspremie i 2019, tilsvarande for 2018 var kr 823 001. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

Lutlaget har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning. Denne ordninga omfattar 36 tilsette i alderen 18 til 61 år. I samsvar med god regnskapsskikk for små føretak (NRS 8) er aksjeselskapet valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktingane til AFP-ordninga. Årets pensjonskostnad motsvarar årets pensjonspremie, og utgjer kr 126 707 i 2019.

I 2016 inngjekk selskapet ny pensjonsavtale med dei tilsette. Pensjonsavtala var tidlegare ei tenestepensjonsordning på same vilkår som offentlig tenestepensjon (Ytingsplan). Den nye tenestepensjonsordninga består i å yta bidrag av nærare angjeven storleik til den einkilde sin pensjon (tilskottsplan). Årets pensjonskostnad (2018) motsvarar årets pensjonspremie og utgjer kr 1 162 880.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnadar til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 281 424 i langsiktig pliktar for å dekkja kostnaden. Årets pensjonskostnad utgjer kr 83 160. Forventa pliktar ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 510 063.

<b>Godtgjersle til revisor er fordelt på følgende tenester:</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>
Revisjon	91 000	56 875
Andre tenester	31 000	15 000
Sum	<u>122 000</u>	<u>71 875</u>

Merverdeavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

#### Note 4 - Prosjekt- og produksjonskostnader

	2019	2018
Leige transport og anna utstyr	198 431	14 539
Scenografi, kostyme, rekvisita	798 268	444 559
Teknisk utstyr	327 636	102 878
Marknadsføring og turnekostnad	2 915 850	2 096 154
Kunstnarlege/tekniske honorar	4 413 538	3 413 935
Anna prosjektkostnad	1 855 292	421 417
Periodisert prosjektkostnad	-643 508	-755 014
Sum prosjekt- og produksjonskostnader	<u>9 865 507</u>	<u>5 738 468</u>

#### Note 5 - Immaterielle eignelutar

	Goodwill
Anskaffelseskost pr 01.01.2019	1 700 000
Anskaffelseskost 31.12.2019	1 700 000
Akk.avskrivninger 31.12.2019	-1 700 000
Balanseført verdi pr.31.12.2019	0
Avskrivningsplan	Lineær 3 år

Immaterielle eiendeler vart nedskiven til null pr 31.12.2018.

#### Note 6 - Varige driftsmiddel

	Aktiverte kostnader, bygg	Anlegg under utføring	Scenestyr	Transportmidlar	Driftslausøyre, inventar, verktøy m.m.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	4 767 970	6 752 776	756 604	575 000	3 324 913	16 177 263
Tilgang kjøpte driftsmiddel	0	1 695 870	0	0	670 029	2 365 899
Anskaffelseskost 31.12.	4 767 970	8 448 646	756 604	575 000	3 994 942	18 543 162
Akk.avskrivning 31.12.	-542 320	0	-743 824	-369 703	-2 652 881	-4 308 728
Balanseført pr. 31.12.	4 225 650	8 448 646	12 780	205 297	1 342 061	14 234 434
Årets avskrivningar	291 765	0	55 044	82 440	521 695	950 944
Økonomisk levetid	10-20 år	10-20år	5 år	7 år	3-5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Anlegg under utføring gjeld prosjektkostnader til nytt bygg i Logen. Det er i 2019 gitt løyve til oppføring av bygg i samsvar med planar. Prosjekteringskostnader og teknisk bistand med planarbeidet er balanseført som anlegg under utføring. Delar av anlegget er teken i bruk og avskrivningar er berekna for dei kostnadane som er aktiverte.

## Note 7 - Aksjar og andelar i andre selskap

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000
DnB	23 265	23 265
Sum	<u>48 265</u>	<u>48 265</u>

Det Vestnorske Teateret AS eig 396 lutar i DnB Nor ASA. Lutane er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr 31.12. Lutane vart tildelt Teateret då gjensidige Forsikring vart omdanna til lutlag.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

## Note 8 - Anna driftskostnad

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2019	2018
Reiseutgifter	293 304	256 121
EDB kostnader	144 074	104 475
Møbler	136 572	146 436
Driftsmateriale	101 854	79 180
Kontorrekvisita	32 942	27 229
Aviser og tidsskrift	39 850	29 689
Internett, media	47 725	31 240
Oppgradering design og webside	764 372	0
Kontingenter	221 752	218 702
Reklamekostnadar	93 699	121 577
Representasjon	10 099	39 257
Kostnader lokala	3 156 343	2 980 572
Honorar, juridisk	5 638	32 276
Andre honorarar	592 373	495 784
Bilkostnadar	81 536	93 840
Anna driftskostnad	1 000 309	595 001
Sum	<u>6 722 441</u>	<u>5 251 379</u>

## Note 9 - Skatt

<i>Berekning av årets skattegrunnlag:</i>	<b>2019</b>
Ordinært overskot før skattekostnad	-622 899
Årets skattegrunnlag	<u>-622 899</u>
 <i>Oversikt over mellombels forskjellar</i>	<b>2019</b>
Akkumulert underskot til framføring	-821 220
Netto mellombels forskjellar pr 31.12	<u>-821 220</u>

Utsett skattefordel (22%) -180 668

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd. Skatteplikta gjeld overskot frå drift av bar. Utsett skattefordel er ikkje balanseført i tråd med god rekneskapsskikk for små føretak.

#### Note 10 - Leigeavtalar

		2019	2018
	Avtalens utløp		
Leige lokale	30.06.2038	2 576 231	2 367 456

Selskapet har avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten. Noverande leigeavtale strekkjer seg fram til 30.06.2038 og det er inngått avtale om yttarlegare forlenging med 10 år.

#### Note 11 - Andre krav

	2019	2018
Framtidige framsyningskostnadar	1 079 291	755 014
Andre periodiseringar	292 542	292 947
Sum	<u>1 371 833</u>	<u>1 047 961</u>

Framtidige framsyningskostnadar og forskuddsbetalte inntektar er presentert brutto, sjå også note 12.

#### Note 12 - Anna kortsiktig gjeld

	2019	2018
Forskuddsbetalte inntektar	2 118 774	2 950 830
Påløpt løn	382 122	378 873
Påløpt ferieløn	1 440 555	1 284 268
Anna kortsiktig gjeld	341 932	280 943
Sum	<u>4 283 383</u>	<u>4 894 914</u>

#### Note 13 - Avsetning for plikter

	2019	2018
Periodisert tilskott frå stat og kommune	13 346 014	9 419 999

Driftstilskot omfattar periodisert tilskott frå stat og kommune og resultatføres samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskriven, sjå også note 16.

**Note 14 - Eigenkapital**

	Ordinære aksjar	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	100 000	6 946 145	7 046 145
Eigenkapital 01.01.	100 000	6 946 145	7 046 145
Årsresultat	0	-359 932	-359 932
Eigenkapital 31.12.	100 000	6 586 213	6 686 213

**Note 15 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon**

Aksjekapitalen består av:

	Antall	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	400	250 kr	100 000

Oversikt over aksjonærene i selskapet pr. 31.12:

	Ordinære aksjar	Eigar- del	Stemme- del
Vestland Fylkeskommune	240	60 %	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %	20 %
Hordaland Ungdomslag	20	5 %	5 %
Folkeakademiet i Hordaland	20	5 %	5 %
Hordaland Mållag	20	5 %	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %	5 %
Sum	400	100 %	100 %

**Note 16 - Inntekter og tilskot**

	2019	2018
Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	13 291 500	13 886 500
Tilskot, Vestland Fylkeskommune / Bergen Kommune	7 573 818	6 411 698
Sum inntektsførte offentlege tilskot (1)	20 865 318	20 298 198
Sal av mat og drikke	2 146 995	524 433
Billettinntekter	8 467 120	7 976 335
Andre tilskot	539 823	1 197 130
Andre driftsinntekter	483 538	25 010
Sum driftsinntekter	11 637 476	9 722 910
Sum inntekter	32 502 794	30 021 107

(1) Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive, sjå note 13.

Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	24 938 000	23 003 198
Periodisert investeringstilskot, iht. styrevedtak	-4 072 682	-2 705 000
Sum inntektsførte offentlege tilskot	20 865 318	20 298 198

# Styret si årsmelding for 2019

## Eit teater for heile Vestland

Dei tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane har gjort vedtak på å slå seg saman frå og med 1. januar 2020. Hordaland Teater vurderte namnebyte allereie då vi fekk fast scene i Bergen sentrum, men utsette den avgjerda den gongen. Då Hordaland fell bort som namn på fylket, var det naturleg å ta opp att namnebyte. Etter ein prosess i administrasjonen og styret, fall ein ned på namnet Det Vestnorske Teateret. Med det ønskjer ein å signalisere at teateret står i ein vestnorsk kulturtradisjon, som ikkje berre er geografisk, men og kulturelt grunnfesta i lynne, språk og dramatisk natur. Teateret endra offisielt namn 1. oktober 2019, samstundes som ein endra profil og nettsider.

Våre mål og visjon er framleis,

- Vi skal produsere ein nynorsk urpremiere kvart år
- Publikum skal oppleve at vi har eit tilbod gjennom heile året
- Co-produksjonar med andre teaterinstitusjonar er viktige for å kunne ha eit kontinuerleg tilbod
- På same måte må ein satse på samarbeid med dei andre nynorskteatera i Norge for ei effektiv ressursutnytting.
- Vårt bygg skal utviklast til eit fullverdig teaterhus
- Ein må betre økonomien for teateret for å kunne nå ambisjonane

Aktiviteten i 2019 har søkt å oppfylle desse måla. Teateret har produsert 6 produksjonar i 2019, der 4 var eigne: *Heim del 2* med 10 vestlandsforfattarar, *Svar på brev frå Helga* av Bergsveinn Birgisson, *Morgon og kveld* av Jon Fosse og *Gubben og Katten får julebesøk* av Sven Nordqvist. Vi har tre samproduksjonar med andre teater, *Raskolnikov* (Brot og straff) saman med Det Norske Teatret, *2010 – Lollywood* med Statsteatret og *Min venn fascisten* med Teater Ibsen. *Babettes Gjestebod* av Karen Blixen og med Ragnhild Gudbrandsen har vore på turné i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det same har *Oppdrag Mottro* av og med Linda Eide. *Morgon og kveld* med Stig Amdam og *Gubben og Katten får julebesøk* med Oda Alisøy og Lykke Kristine Moen har vore på turné i Hordaland. Samproduksjonen *Engelen frå Kobane* har turnert i regi av Sogn og Fjordane Teater.

Med eit meir intensivt program i salen har vi ikkje hatt same moglegheit til utleige som tidlegare. Vi har likevel funne plass til å feire folkemusikkklubben Columbi Egg sitt 20 års jubileum og konsertar med Vestlandsmusikarane Olav Stedje og Vamp. Saman med scenekunstmiljøet i Bergen og Bergens Tidende har vi blåst liv i arrangementet *Pernilleprisen* der ein kårar dei beste sceneprestasjonane i føregåande år. I samband med Heim-produksjonen har vi vore på turné med forfattersamtalar i samarbeid med Folkeakademiet i Hordaland. Vi har og invitert løpande til samtale/scenesnakk i samband med våre framsyningar i vår eiga intimstove Logen Bar. *Engelen frå Kobane* (samarbeidsproduksjon med Sogn og Fjordane Teater) vart vist på Heddefestivalen i Oslo i juni.

## **Eit godt publikumsår**

Teateret har hatt ein klår ambisjon om å nå ut til eit større publikum. Med ein kombinasjon av å nytte våre eigen scene maksimalt, samstundes som vi forlenger livet til andre sceneproduksjonar ved å sende dei på turné, har vi nådd dei førebels målsettingane vi har sett oss. Som nemnt har vi hatt fire produksjonar på turné i 2019. Totalt har 11 215 publikummare opplevd våre eigne produksjonar på turné. I tillegg har 7 297 sett våre tre samproduksjonar (Raskolnikov, Min venn fascisten og Engelen frå Kobane) på andre scener. Talet på eigen scene er 24 855. Med dette vert det totale publikumstalet som har sett våre eigne og samproduksjonar i 2019 på 43 367. Beleggprosenten har variert mellom 47 og 99 % og styret seier seg nøgd med publikumsutviklinga.

Det Vestnorske Teateret vil vere eit hus for den vestnorske kulturen. Bergen Kommune har løyvd 1 000 000 til teateret slik at vi kan programmere og innby til eit variert kulturprogram på nynorsk. I 2019 har vi hatt 43 arrangement med til saman eit publikum på 1701.

Når vi reknar inn kulturprogrammet, gjestespel og program knytt til formidlingsaktivitet i samband med produksjonane, vert det totale publikumstalet 43 867.

## **I gong med byggeprosjektet**

Det har vore ein lang prosess å få godkjent ei utviding av bygget på Øvre Ole Bulls Plass slik at det kan bli eit tenleg teaterhus. Teateret har fremja rammesøknad to gonger og fekk – etter ein politisk prosess – endeleg godkjent desse i mai 2019. I løpet av hausten har ein gjort ferdig forprosjektet slik at det er klart for entreprenørane som ønskjer å gje tilbod på dei to bygga og oppgradering av noverande bygg. Om alt går som planlagt, vert det første spadestikket tatt i løpet av våren 2020.

Endeleg innflytting i verkstad og prøvesal er sett til våren 2023.

## **Organisasjon og medarbeidarar**

Teateret har hatt ein del endringar i organisasjonen i løpet av 2019. Vår mangeårige figur- og dokkespelar har valt å gå over i pensjonistane sine rekker. Det same har administrasjonsmedarbeidaren. Både desse har vore med frå teateret sin oppstart og styret er takksame for den lange og gode tenesta dei har lagt ned for teateret. Ein har førebels valt å ikkje erstatte desse funksjonane, men i staden nytta ledige lønnsmidlar til produksjons- og tekniske medarbeidarar. Stig Amdam held fram i engasjementet der han har oppgåver som dramatikar, regissør og skodespelar.

Omlegging frå eit teater som hovudsakeleg spelte for barn og unge og på turné, til ei fast scene har vore krevjande. I februar 2019 vart det inngått ei avtale med teateret sine teknikarar om gjennomsnittsberekning av arbeidstida og på fast scene. Erfaringane so langt er at denne avtala har fungert bra. Den har gjeve



dei tilsette større føreseielegheit i arbeidsplanane og teateret større fleksibilitet i bruka av dei tilsette når det er arbeidstoppar som må dekkast inn.

Frå og med 2. halvår 2018 har teateret tatt over drifta av barane. Bardrifta er ei god støtte til å gje publikum ei god totaloppleving når dei kjem til arrangementa våre. Baren i 2. høgda gjev oss eit supplement til den eine salen teateret har - som prøvelokale og visningslokale / møtestad. Drifta byr på utfordringar økonomisk, og ein vil løpande vurdere korleis ein skal få denne delen av verksemda til å gå i balanse..

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. I 2019 har teateret hatt ein del langtidssjukefråvær som gjev eit høgt tal fråværsdagar – 399 mot 407 i 2018. Det totale sjukefråværet gjekk likevel noko ned, frå 13,2% i 2018 til 9,9% i 2019. Ser ein bort frå langtidsjukefråvær meir enn 8 veker, er sjukefråværet 0,7%, mot 1,7% året før. Det er ikkje meldt skader i løpet av året som har ført til fråvær eller som trong behandling. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Styret er medviten om at ombygginga av Logen i Bergen sentrum, og arbeidet med å utvikle Det Vestnorske Teateret i samsvar med eigarane sitt ønskje gjer det naudsynt med stort fokus på leiing, organisasjon og helse, miljø og tryggleik framover.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fem kvinner og to menn. Styret er samansett av fire kvinner og to menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga.

Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2019. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2019 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

## **Økonomi**

Det Vestnorske Teateret hadde ein auke i talet på publikum i 2019, 35 539 (27 792) fordelt på 245 (187) framsyningar. Teateret har stort fokus på publikumsbygging og hadde ambisjonar om ei auke i publikumstalet, innanfor dei fysiske grensene vi per i dag har med ein teatersal. Gjennom å ha turné og samproduksjon, parallelt med prøvar og framsyningar på Logen, har vi makta å nå eit større publikum.

Det Vestnorske Teateret har fått auka løyvingar dei seinare åra for å finansiere flyttinga til sentrum og nybygget. Ein viktig føresetnad for flyttinga var og at skulle auke publikumstilstrøyminga og med det inntektene. Vi kan konstatere at denne veksten har vi lukkast med og i 2019.

Totalt tilskott i 2019 er kr. 24 938 000 (23 003 198 i 2018). Styret i Det Vestnorske Teateret har vedteke å trekkja dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og balanseført midla som langsiktig gjeld i balansen. Totalt vart det sett av kr. 4 072 682. Resten av tilskottet på kr. 19 865 318 (20 298 198) er inntektsført i resultatrekneskapen. Det Vestnorske Teateret har som følgje av auka publikumstilstrøyming fortsett ei stor auke i egne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar. I sum vart inntektene kr. 11 637 476 (9 722 910). Tilskott og egne inntekter summerte seg med det opp til kr. 33

554 194 mot kr. 30 337 316 i 2018. Kostnadssida vart auka til kr. 34 018 985, opp frå kr. 27 457 941 året før.

Resultatet etter finansinntekter er med det minus kr. 359 932.

Det er totalt investert kr. 2 365 899, hovudsakeleg investeringar knytt til Logenprosjektet. Teateret investerer og årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 670 029 (497 027) vart brukt til dette i 2019.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjer kr. 11 841 411 (7 960 793) pr. 31.12.2019 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen. Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret er god.

Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2019 til etterretning. Styret rår til at underskotet vert dekkja av eigenkapitalen som då vert redusert frå kr. 7 046 146 til kr. 6 686 213. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

## Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. Det Vestnorske Teatret deltek i eit prosjekt saman med dei fleste andre norske institusjonsteatera for å redusere miljøpåverknaden frå teaterdrifta. Ein tek her sikte på ei eigen sertifiseringsordning.

31. desember 2019  
Bergen, 18.02.2020

  
Pål Wergeland Lorentzen  
Styreleiar

  
Ragnhild Sivertsen  
Stolt-Nielsen  
Nestleiar

  
Solfrid Glesnes  
Styremedlem

  
Vivian Midtsveen  
Styremedlem

  
Alexander Fosse Andersen  
Styremedlem

  
Geir Kjell Andersland  
Styremedlem

  
Solrun Toft Iversen  
Teatersjef / dagleg leiar

Til generalforsamlinga i Det Vestnorske Teateret AS

## Melding frå uavhengig revisor

### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### **Konklusjon**

Vi har revidert Det Vestnorske Teateret AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på NOK -359 932. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### **Sentrale tilhøve ved revisjonen**

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2019. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då vi danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

#### **Ytterlegare informasjon**

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### **Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova

sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Det vises til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger> som inneheld omtale av revisor sine oppgåver og plikter.

### **Utsegn om andre lovmessige krav**


#### **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen samt føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 18.02.2020  
Forum Revisjon AS



Eirik Hordvik  
statsautorisert revisor

# Repertoaret 2019

## Eigne produksjonar

### Heim 2

*Del to 1975-1985 av den musikalske vestlandskrønika*

Av: Ingrid Jørgensen Dragland, Marit Eikemo, Frode Grytten, Mari Hesjedal, Solrun Toft Iversen, Ruth Lillegraven, Sigrid Moldestad, Eirik del Barco Soleglad, Tore Renberg, Bjørn Sortland, Gunnar Staalesen, Finn Tokvam

Regi: Eirik del Barco Soleglad

Dramaturg: Solrun Toft Iversen

Scenografi og kostymedesign: Lise Christensen

Lys- og videodesign: Arne Kambestad

Lyd: Kristian Børve

Med: Claus Sellevoll, Sigrid Moldestad, Hadle Lavold Reisæter, Kjærsti Odden Skjeldal, Morten Svartveit, Amanda Haga/Natasja Smørholm

Voksne Herrers Orkester: Harald Dahlstrøm, Steinar Krokstad, Ole Marius Sandberg, Bjarte Aasmul

Takk til Sparebanken Vest for bidrag.

Urpremiere i Logen: 21. februar

**Speleperiode:** 21. februar – 26. april

**Framsyningar:** 50

**Publikum:** 13 110



Foto: Andreas Roksvåg

## Svar på brev frå Helga

*Om moden kjærleik og sagn*

Av Bergsveinn Birgisson

Omsett av: Johannes Gjerdåker

Dramatisering og regi: Stig Amdam

Scenografi og kostymedesign: Åse Hegrenes

Dramaturg: Solrun Toft Iversen

Med Helge Jordal og Ragnhild Gudbrandsen

Konseptuell lys- og videodesign: Einar Bjarkø.

Lysdesign Riksteatret: Kai Roger Havn

Produsert av Det Vestnorske Teateret, turnésamarbeid med Riksteatret.

Produsert etter avtale med Teaterforlaget Songbird AS.

**Noregspremiere:** Riksteatret, Oslo 13. september

**Speleperiode/ turné med Riksteatret:** 13. september - 19. oktober

Merk: Speleperiode i Bergen våren 2019 avlyst pga sjukdom

**Framsyningar:** 27

**Publikum:** 5334



Foto: Erik Berg



## Morgon og kveld

*Fiskaren Johannes i ytterpunktene av sin livssyklus*

Av: Jon Fosse

Regi: Terje Skonseng Naudeer

Dramatisering: Hildegun Riise

Med: Stig Amdam

**Premiere:** 29. august i Logen. **Speleperiode:** 29. august – 11. oktober

**Framsyningar:** 8 i Logen og 13 på turné

**Publikum:** 774 i Logen og 598 på turné, totalt: 1372



Foto: Øystein Klakegg

## Gubben og katten får julebesøk

*Juleframsyning for dei yngste*

Basert på Sven Nordqvist si bok: «Gubben og katten får julebesøk». Vidareutvikla av skodespelarane Lykke Kristine Moen og Oda Alisøy, som også spelar i framsyninga.

**Premiere:** 23. november i Logen Bar.

**Speleperiode:** 23. november - 15. desember (Logen Bar og på turné).

**Framsyningar:** 20 i Logen og 8 på turné. Totalt: 28

**Publikum:** 995 i Logen og 519 på turné. Totalt: 1514



Foto: Jørn Lavoll

## Babettes gjestebod

*Kunstnarleg gjestebod på kyrkjeturné og i Logen*

**Av:** Karen Blixen

**Omsetting, dramatisering og skodespelar:** Ragnhild Gudbrandsen

**Regi:** Stig Amdam

**Musikk og musikkarrangement:** Nils Økland



Urpremiere 14. oktober 2018

**Speleperiode:**

1.november - 15. desember

**Framsyingar:** 13 på turné  
(for det meste i kyrkjer) og 2 i  
Logen. **Totalt:** 15

**Publikum:** 830 på turné og  
317 i Logen. **Totalt:** 1147

*Foto: Thor Brødreskift*

## Oppdrag Mottro

*Linda Eide utforska livet til si eiga mor og det mytiske omgrepet gamle dagar.*

Av og med: Linda Eide

Regi: Arvid Ones

Scenografi: Olav Myrtvedt

Lys: Einar Bjarkø

Video: Linda Eide Video / lyd tilrettelegging: Mathias Grønsdal

Mottro si stemme: Liv Bernhoft Osa

Framsyinga er produsert av Det Vestnorske Teateret i samarbeid med HiHat og hadde urpremiere 10. nov. 2018 i Logen. Turnésamarbeid med Sogn og Fjordane Teater i 2019.

**Speleperiode 2019:** 23. august - 21. september på turné i Vestland.

**Framsyingar:** 14 **Publikum:** 3934



*Foto: Ane Bysheim.*



## Samarbeidsproduksjonar:

### Raskolnikov

*Over 4 timars video/teater «happening» av klassikaren frå bakgården i Logen*

Basert på romanen «Brottsverk og straff» av Fjodor Dostojevskij

Dramatisering: Tormod Skagestad

Regi: Kjersti Horn

Scenografi og kostymedesign: Sven Haraldsson

Lyddesign: Erik Hedin

Dramaturg: Ingrid Weme Nilsen

Videoregi: Mads Sjøgård Pettersen

Med: Preben Hodneland, Frode Winther, Anna Ladegaard, Kaia Varjord, Emil Johnsen, Nina Woxholt og Svein Roger Karlsen

**Premiere:** På Det Norske Teatret i Oslo 17. august

**Publikum,** Det Norske Teatret i Oslo: 1761 fordelt på 17 framsyningar.

**Speleperiode i Logen:** 24. september – 12. oktober

**Framsyningar:** 7 opne i Logen og 7 for DKS Hordaland i Logen.

**Publikum:** 920 i Logen og 1953 for DKS i Logen, totalt: 2873



Foto: Dag Jensen

# Min venn fascisten

*Satirisk samtidsmusikal om utanforskap*

Av: Klas Abrahamsson og Erik Gedeon

Omsett av: Finn Tokvam

Regi: Arvid Ones

Scenografi: Tormod Lindgren

Koreografi: Hilde Sol Erdal

Kostymedesign: Unni Bang Andersen

Lysdesign: Erik Spets Sandvik

Med: Lars Lillo-Stenberg

Karoline Krüger

André Søfteland

Sigurd Sele

Ida Ursin-Holm

Andreas Hoff

Mathilde Skarpsno

Musikarar: Sondre Veland, Ole Marius Sandberg, Trond Lindheim

Produsert i samarbeid med Teater Ibsen.

**Norgespremiere** på Teater Ibsen i Skien 13. september

**Publikum**, Teater Ibsen, Skien og turné: 4501 fordelt på 37 framsyningar.

**Speleperiode i Logen:** 15. november – 14. desember

**Framsyningar:** 21

**Publikum:** 2594



Foto: Dag Jenssen

## Engelen frå Kobane

*Historia om den kvinnelege Syria-krigaren Rehana*



*Foto: Thor Brødreskift*

Original tittel «Angel» av Henry Naylor  
Omsett av Elise Risnes Eikevik  
Regi: Miriam Prestøy Lie  
Med: Madalena Sousa Helly-Hansen  
Teaterforlaget Nordiska ApS  
Samproduksjon mellom Hordaland Teater og  
Sogn og Fjordane Teater.  
Noregspremieren var på Hordaland Teater i  
Logen Bar den 3. september 2018

**Spelt under Heddadagene, i juni 2019 på Det Norske Teatret i Oslo:**

3 framsyningar fordelt på 155 publikum

**Speleperiode i Sogn og Fjordane hausten 2019 på skular (klasserom) for DKS:**

8 framsyningar og 460 publikum.

**Opne framsyningar i Sogn og Fjordane:** 8 framsyningar og 575 publikum.

**Totalt publikum:** 1190

## 2010-Lollywood

*Del 9 i Statsteatrets saga om Norgeshistorien*

Av: Yngve Sundvor og Statsteatret.

Med Per Kjerstad, Cato Skimten Storengen, Gard Bjørnstjerne Eidsvold, Kim Sørensen

Regi: Yngve Sundvor

Dramaturg: Morten Kjerstad

**Speleperiode i Logen:** 31. oktober – 10. november

**Framsyningar: 8 Publikum: 774**



*Foto: Lars Opstad*



## Pernilleprisen

*Ei felles feiring av sceneåret 2018.*

Utdeling av Pernilleprisen, Rampeløkten, BT's publikumspris.  
Vertar: Sigrid Moldestad og Claus Sellevoll.

Samarbeid mellom Bergen Teaterforening, Det Vestnorske Teateret, Ole Bull Scene, Cornerteateret, Fyllingsdalen Teater, Den Nationale Scene, Proscen, BIT Teatergarasjen og Carte Blanche og kunstnarlege innslag frå alle.

Vart arrangert for første gong på Det Vestnorske Teateret i Logen: 13. januar

**Publikum:** 278



Foto: Øystein Grutle Haara

## Om «Nynorskens hus» i Logen Bar

*I 2019 starta vi programflaten «Nynorskens hus» i Logen Bar der publikum fekk eit større og variert kulturtilbod. Midlar frå Bergen kommune og ei uttalt satsing på nynorsken i kommunen gjorde dette mogleg. Totalt vart 43 arrangement under denne programflata gjennomført for eit publikum på 1701.*

Etter kjærkomne midlar frå Bergen kommune vart ei programkoordinator-stilling oppretta og Tina Horrisland Engdal vart tilset i 50 % etter eit ønskje om å etablere eit «Nynorskens hus» i Logen Bar og gje publikum eit større og variert tilbod. Etter «Vestspela» i mai 2019 fekk vi ein god indikator på at dette og var eit velkome tilbod. Målet med Vestspela var å gje gjestane eit kulturelt kveldstilbod i pop-up stil, kvar kveld under Festspill- og Nattjazzperioden. I perioden heldt vi 14 arrangement fordelt på 12 kveldar, med blant anna

forfattartreff, minikonsertar, foredrag, og to BT-podcastar kor ein av dei var teaterkritikk om den omtala framsyninga *Ways of seeing*. Dette var arrangement vi var godt nøgde med. BT-podcast hadde vi igjen på hausten i arrangementet «Farvel Sogn og Fjordane», og samarbeidet med BT skal vi halde fram med.

### **Ulike konsept**

Under Vestspela hadde vi og vårt fyrste «Forteljardyst» - arrangement, ein forteljar-konkurranse med Christine Hope som konferansier, og 6 deltakarar med sine personlege forteljingar. Publikum og to fagdommarar stemma fram ein vinnar. Dette konseptet er sterkt i ånda til kva vi vil drive med, og vi arrangerte det igjen hausten 2019, og skal ha fleire i 2020. Vi etablerte også konseptet «Mitt Vestland på kviss og tvers» med Halvor Folgerø. Her er Halvor programleiar og kviss-master, og intervjuar ein kjend gjest kvar gong, og avsluttar med ein kviss under temaet Vestlandet. Dette har vore svært populært, og noko vi held fram med, med nye, spennande gjestar. Eit anna nytt konsept er Sigrid Moldestads søndagskveld «Sigrid og sånt på søndag». Her inviterer ho gjestane inn, til ein kveld med prat, musikk og varme. Det var fullt hus då ho hadde det fyrste gongen på hausten, og det blir ein av stolpane våre og i 2020.

### **Samarbeid**

Gjennom konseptet «Mono» har vi knytt Forfattarsentrum og frilanskretsen nærare til oss, då vi har gitt dei nokre kveldar til å framføre workshop-basert arbeid hjå oss. Dette er spennande samarbeidet. Vi vil vere med på å leggje opp til fleire møter med frilans skodespelarar og profesjonelle regissørar og dramatikarar som skal få ein arbeidsvisningsplass hjå oss. Ein god kontakt med det frie feltet er viktig for oss, og vi arbeidar med å finne fleire flater for møter med dei. Ila hausten var vi blant anna arena under Bergen Fringe festival. Vi ga og skodespelarane Oda Alisøy og Lykke Kristine Moen ein kveld i månaden kor dei var «aleine heime» og kunne invitere songarar og skodespelarar med seg på forskjellige temakveldar.

Hordaland Mållag og Bergen Mållag var faste samarbeidspartnarar gjennom hausten, med bla Bergen Mållags «nynorsk språkbar» ein gong i månaden. Dette samarbeidet held vi fram med, og skal og finne nye flater kor vi kan samarbeide i 2020.

Forfattar- og dramatikartreff og samtalar er viktig for oss. Vi samarbeider blant anna med forfattarar som allereie er knytt til huset og til framsyningar på huset, men også samarbeidet med bla Rom for Ord og deira forfattarturnear. I tillegg har Forfattersentrum eit månadleg forfattartreff-arrangement hjå oss kalla «Med kjærleg helsing», som er populært.

Konsertar og framsyningar tilpassa små-scena skal vi halde fram med å ha jamleg, og det same gjeld foredrag, samtalar og visningar for alle aldersgrupper. Vi vil halde fram med å ha varierte konsept med fokus på nynorsk språk og vestlandsk kultur, samstundes som vil vere inkluderande og famne breitt. Vi skal nærare dei gode kontaktane vi har og samtidig knytte til oss nye og spennande aktørar og lage fleire konsept i programmeringa til Nynorskens hus.

## Statistikk 2019

	ant. bill	ant. frams.	type:
<b>Eiga scene/ i Logen:</b>			
Babettes gjestebod	317	2	eigen
Pernilleprisen	278	1	samprod
Heim, del 2: 1975-1985	13110	50	eigen
Morgon og kveld	776	8	eigen
2010 Lollywood	774	8	samprod
Min venn fascisten	2594	21	samprod
Raskolnikov	920	7	samprod
Raskolnikov, DKS	1953	7	samprod
Gubben og katten får julebesøk	995	20	eigen
<b>På turné:</b>			
Babettes gjestebod	830	13	Eigen
Svar på brev frå Helga	5334	27	Eigen
Engelen frå Kobane, Hedda	155	3	Samarbeid
Engelen frå Kobane, DKS, Sogn og Fjordane	460	8	Samarbeid
Engelen frå Kobane, Sogn og Fjordane Teater	575	8	Samarbeid
Morgon og kveld	598	13	Eigen
Oppdrag Mottro	3934	14	Eigen
Min venn fascisten, Teater Ibsen	4501	37	Samarbeid
Raskolnikov, Det Norske Teatret	1761	17	Samarbeid
Gubben og katten får julebesøk	519	8	Eigen
<b>Nynorskens Hus:</b>			
Nyopning Logen bar - kulturarrangement	120	1	
Mitt Vestland på kviss og tvers	92	3	
Forteljardyst	61	2	
Hordaland Mållag, Nynorskbaren	56	3	
Forfattersentrum. Med kjærleg hilsen	156	3	
Vreeswijk møter Grytten!	70	1	
Hovland og Tønnes reddar kvelden.	69	1	
Vestlandske Forfattersentrum. Medl.møte Sagalitteratur	12	1	
Hordaland mållag debattmøte	22	1	
Bergen mållag, Språkbaren	25	1	
Heime åleine	190	4	
Fossejazz	30	1	
Segner	14	1	
Konsert Foreningen for by og bygd	59	1	
Mono - Metronom monologar	44	2	
Å fortelje om levd liv	60	1	
Sandharpesongar	40	1	
Sigrid og sånt - på en søndag	58	1	
Svikne dagar	15	1	
Farvel Sogn og Fjordane (BT)	110	1	
Vestspela	398	12	
<b>Sum</b>	<b>42085</b>	<b>315</b>	

**Anna**

Columbi Egg	212	1
Scenedrøm, Fana kulturhus	500	2
BIT20 Ensemblet	22	1
Bergen Fringe Festival, John Peel	17	1
Sum	<b>751</b>	<b>5</b>

**Formidling**

Lesninger "Morgon og kveld"	365	2
Lesning "Babettes gjestebod" Sunnhordlandsregionen	125	1
Forfattartreff "Heim 1975-85"	340	8
Lesning "Svar på brev frå Helga" Litteraturhuset	110	1
Foredrag Senior departement, teatersjef	22	1
Foredrag Teatervitenskap, teatersjef	11	1
Foredrag Skrivekunstakademiet, teatersjef	12	1
Ettersnakk "2010 Lollywood"	46	1
Sum	<b>1031</b>	<b>16</b>

**Totalt****43867**      **336**

## Personalet 2019

### FAST TILSETTE / ÅRSENGASJEMENT:

Solrun Toft Iversen	teatersjef
Atle Marøyen	direktør
Irene Smørdal	informasjonsleiar
Evy Fischer	salsleiar
Solfrid Glesnes	produksjonsleiar
Fabian den Otter	teknisk leiar
Eli Versto	avdelingsleiar teknisk produksjon
Linbjørg Sæterdal	kontorsekretær (fram til 1. juli 2019)
Ljudmil Nikolov	figur-/skodespelar/dokkemakar (fram til 1. juni 2019)
Britt Koldal	systove/rekvisitør/inspisient
Kristian Børve	scenearbeidar/lydteknikar (fram til 1. november 2019)
Cem Arapkirlioglu	scenearbeidar/lydteknikar (frå 29. oktober 2019)
Cristiano Mira Lopes	scenearbeidar (permisjon 1. halvår 2019)
Jon Eirik Sira	scenearbeidar/lysteknikar
Andreas Lassen	scenearbeidar/lydteknikar (engasjement)
Stig Amdam	skodespelar/instruktør (engasjement)
Tina Horrisland Engedal	prosjektleiar/inspisient (engasjement)
Rhys Brennan	Barsjef (fram til 1. september)
Maria Therese O. Mathisen	Barsjef (frå og med 15. august 2019)

### PROSJEKTENGASJERTE

#### SKODESPELARAR:

Claus Sellevoll  
Sigrid Moldestad  
Morten Svartveit  
Kjersti Odden Skjældal  
Amanda Haga  
Natasja Smørholm  
Madalena Sousa Helly-Hansen  
Per Kjerstad  
Kim Sørensen  
Cato Skimten Storengen  
Gard Bjørnstjerne Eidsvold  
Helge Jordal  
Linda Eide  
Oda Alisøy  
Lykke Kristine Moen  
Lars Lillo-Stenberg  
Karoline Krüger  
André Søfteland  
Sigurd Sele  
Ida Ursin-Holm  
Andreas Hoff



Mathilde Skarpsno  
Preben Hodneland  
Frode Winther  
Anna Ladegaard  
Kaia Varjord  
Emil Johnsen  
Nina Woxholt  
Svein Roger Karlsen

**TEATERINSTRUKTØRAR:**

Terje Skonseng Naudeer  
Miriam Prestøy Lie  
Eirik del Barco Soleglad  
Stig Amdam  
Arvid Ones  
Hilde Sol Erdal  
Kjersti Horn  
Yngve Sundvor

**SCENOGRAFAR/KOSTYME/SUFFLI:**

Lise Christensen  
Åse Hegrenes  
Tormod Lindgren  
Sven Haraldsson  
Unni Bang Andersen  
Olav Myrtvedt  
Marte Synnevåg

**INSPISIENTAR:**

Stine Revheim Svellingen

**MANUS/DRAMATISERING:**

Jon Fosse  
Bergsveinn Birgisson  
Henry Naylor  
Karen Blixen  
Fjodor Dostojevskij  
Tormod Skagestad  
Klas Abrahamsson  
Erik Gedeon  
Sven Nordqvist  
Linda Eide  
Tore Renberg  
Ruth Lillegraven  
Gunnar Staalesen  
Marit Eikemo  
Frode Grytten

Mari Hesjedal  
Ragnar Hovland  
Ingrid Jørgensen Dragland  
Sigrid Moldestad  
Bjørn Sortland  
Finn Tokvam  
Hildegun Riise  
Yngve Sundvor  
Solrun Toft Iversen  
Ragnhild Gudbrandsen  
Stig Amdam

**OMSETJING:**

Johannes Gjerdåker  
Finn Tokvam  
Elise Risnes Eikevik

**DRAMATURGAR:**

Solrun Toft Iversen  
Ingrid Weme Nilsen  
Morten Kjerstad

**MUSIKKARRANGEMENT:**

Harald Dahlstrøm  
Steinar Krokstad  
Ole-Marius Sandberg  
Nils Økland

**MUSIKARAR:**

Harald Dahlstrøm  
Steinar Krokstad  
Ole-Marius Sandberg  
Bjarte Aasmul  
Sondre Veland  
Trond Lindheim  
Nils Økland

**LYS-/VIDEODESIGN:**

Arne Kambestad  
Einar Bjarkø  
Mads Sjøgård Pettersen  
Erik Spets Sandvik  
Kai Roger Havn

**LYDDESIGN:**

Erik Hedin

## **PUBLIKUMSVERTAR:**

Åsa Opedal  
Anne-Marie Helbo  
Emina Koch  
Camilla Carlsen  
Maria Vallevik Borg  
Ania Popowska

## **BARTENDARAR:**

Jonas Gripsrud Hjelmeland  
Yrja Skjærum  
Rebecca Marcussen  
Therese Pedersen  
Aksel Persen  
Mia Jones  
Sigrid Iden Hjelmås  
Anyta Solveig Goodwin

## **STYRET**

Styret i Hordaland Teater har i 2019 hatt 6 styremøte. Til saman har 57 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halden 25. april 2019 i Teatergaten 35, 5010 Bergen.

## **Styresamansetjing etter Generalforsamling 2018/2019:**

Pål W. Lorentzen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Ragnhild Stolt-Nielsen	Styremedl./nestleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander Fosse Andersen	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Natalia Golis	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Vivian Midtsveen	Styremedlem	Representant andre eigarar (attval 2019)
Fabian den Otter	Styremedlem	Representant tilsette (til april. 2019)
Solfrid Glesnes	Vara/styremedlem	Representant tilsette (ny frå april 2019)
Astrid Aarhus Byrknes	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Geir Kjell Andersland	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Torgeir Toppe	Vara	Representant andre eigarar(frå 2019)
Evy Fischer	Vara	Representant for tilsette (frå april 2019)

Teatersjefen har møtt på styremøta. Direktøren er sekretær for styret.

## **EIGARTILHØVE:**

Hordaland Fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter